

# Sluttrapportering – Målindikatorar for Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

## 1. Bakgrunn - kort om prosjektet

Handlingsprogrammet (2017-2021) i Regional areal- og transportplan hadde eit tiltak som inneber å utvikle målindikatorar for planen for å kunne analysere om utviklinga skjer i tråd med måla i planen. Dette vil sikre ein effektiv oppfølging av areal- og transportplanen og bidra til å bygge opp under ei berekraftig utvikling av regionen. Prosjektet er sett i samanheng med indikatorane utvikla i samband med byvekstavtalen. Kommunal- og moderniseringsdepartementet løyva 300.000,- til gjennomføringa av prosjektet.

## 2. Nærmore om prosjektet

Målet med prosjektet har vore å bringe fram fleire perspektiv på i kva grad utviklinga i Bergensområdet følgjer mål i regional areal- og transportplan. I indikatorsettet som følgjer byvekstavtalen er det indikatorar knytt til areal i høve bustad- og arbeidsplassstilhøve rundt kollektivknutepunkt. Ein vil i dette prosjektet vurdere om det er fleire indikatorar som kan seie noko om arealutviklinga, til dømes gjennom ei analyse av nedbygging av grøntareal innad i byregionen eller tilhøva mellom lokalisering av bustadar og arbeidsplassar.

Aktivitetar som var planlagt i prosjektet:

- Opprette intern arbeidsgruppe, fellesmøte plan- og analysemiljøet i fylkeskommunen
- Lyse ut konsulentoppdrag som vil jobbe tett med arbeidsgruppa
- Gjennomføre verkstad for å få innspel frå kommunane

Det har vore lagt vekt på at indikatorsettet skal forankrast internt, og at konsulentoppgåva ein vil lyse ut skal resultere i indikatorsett som skal kunne gjerast av eigne tilsette.

Ei mindre gruppe internt i fylkeskommunen samansett av kompetanse frå både plan og analysemiljøa, utarbeida eit forslag til indikatorsett knytt til alle mål og delmål i Regional areal- og transportplan. Det vart fokusert på å gjere indikatorsettet så enkelt som mogeleg og at det skal vere ein einskild indikator per mål. I prosjektet har ein så fått testa og kvalitetssikra indikatorane av eksterne konsulentar. Dei har utarbeidd ein rapport med gjennomgang av datakvalitet og forslag til justeringar av indikatorane. Rapporten er vedlagt.

I konsulentane sitt arbeid med å føreslå og teste ut indikatorar, er det drøfta kva som utgjer gode indikatorar, kva datagrunnlag som finst og korleis det bør handsamast, og det er gjort ei utprøving og forslag til korleis indikatorane kan oppdaterast.


## 3. Resultat

Konsulent rår til å halde indikatorane enkle og kommuniserbare –det vil seie at dei blir nær knytt til datagrunnlaget dei blir utforma frå. På den måten er dei etterprøvbar og mogelege å forstå, men samstundes må dei settast inn i ein kontekst. Det er difor ikkje føreslått samleindeksar, som til dømes «levekårsindeks», då denne type indeksar gjer det vanskeleg å diskutere datagrunnlag og styrkar og svakheiter ved metoden som ligg bak.

Viktige data i analysen er mellom anna bygningsdata, vegdata og ulike typar arealbruksdata. Fleire av datasetta blir løpende vedlikehaldne, mens nokre blir oppdatert sjeldnare enn årleg. Dette er skildra under gjennomgangen av kvar indikator.

Eit viktig verktøy i berekningane slik vi har føreslått dei er OD-matrice (origin-destination). Dette verktøyet måler avstand langs veg, og ein finn gjennomsnittsavstand, til dømes frå alle bustader til nærmaste park- eller leikeareal.

Konsulent sitt forslag til konkrete indikatorar, med testresultat på regionnivå er vist i tabellen nedanfor. Dei fleste av indikatorane har også resultat som kan brytast ned på geografiske delområde. Fylkeskommunen vil i det vidare vurdere korleis ein best kan nytte indikatorane vidare.



Indikatorane vil som eit minimum bli nytta i arbeidet med regional planstrategi for å vurdere behov for revisjon av Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.

	Indikator (konkret)	Referanse / alle	Siste 3 år (2018-2020)
Sentrumsutvikling og utbyggingsmønster	1(A) Gjennomsnittleg avstand frå alle bustader til nærmeste senter i vektsone	5402 meter	4917 meter
	1(B) Gjennomsnittleg avstand frå alle m <sup>2</sup> BRA tilsett /besøksintensivt bygg til nærmeste senter i vektsone	2713 meter	5371 meter
	1(C) m <sup>2</sup> BRA / bygd areal i dei regionale vektsone	37%	Blir berre målt for alle samla
Transport-system			
...Er ikkje teke med her fordi temaet er vurdert å vere dekkja av Miljøloftet. Sjå vedlegg 1.			
Bustadområde	3(A) Samansetting av bustadtyper (del leiligheter er vist her)	34 %	52 %
	3(B) Gjennomsnittleg avstand frå større bustadområde til nærmeste grunnskule / helsestasjon	1191 meter	1247 meter
	3(C) Bustader innanfor SSB sin tettstaddefinisjon sin gjennomsnittlige avstand til park, leikpark eller friluftsområde.	115 meter	125 meter
Næringsreal og arbeidsplassar	4(A) Del samla m <sup>2</sup> BRA tilsett /besøksintensivt bygg som ligg innanfor «A eller B1-område» i Bergen (jf ABC kartlegginga gjennomført som del av RATP-arbeidet), eller regional vektsone i omegnskommunane.	64 %	54 %
	4(B) Del samla m <sup>2</sup> BRA bygg for arealrevjane næring, som ligg i C eller D-område i Bergen (jf ABC kartlegginga gjennomført som del av RATP-arbeidet), eller utanfor regional vektsone i omegnskommunane.	74 %	90 %
Natur, kulturmiljø og landskap	5) Summering av arealbrukskategoriar i AR5-datasettet for ajourført årsversjon opp mot tidlegare årsversjon. Her er vist del gront (utan open fastmark).	92,2%	Ikke relevant

#### 4. Formidling og samarbeid

Det er gjennomført informasjons- og drøftingsmøte med fagfolk i kommunane i Miljøloftet (Byvektavtalen). Her vart ein samde om at metodane som er knytt til indikator 1A og 1B kan dekke behovet for rapportering på arealindikatorar i byvektavtalen. Fylkeskommunen vil utvikle eit metodeskriv som kommunane kan legge til grunn for sin framtidige rapportering i byvektavtalen.

Konsulentrapporten frå prosjektet vil bli formidla på fylkeskommunen sine nettsider.

#### 5. Økonomi

I prosjektsøknaden var det sett opp følgjande budsjett og kostnadsplan:

##### Budsjett

Kostnadsplan	Beløp	Finansieringsplan	Beløp
Prosjektstilling VLFK	300.000,-	Eigeninnsats og prosjektstilling	300.000,-
Konsulenttenester	300.000,-	Tilskotsmiddel KMD	300.000,-
SUM	600.000,-	SUM	600.000,-

##### Rekneskap

Rekneskap	Beløp
Eigeninnsats og prosjektstilling <sup>1</sup>	300.000,-
Konsulentoppdrag	264.000,-
SUM	564.000,-

Rekneskapen viser eit lite underforbruk på konsulentoppdraget.

<sup>1</sup> Denne posten knytter seg til utgifter til prosjektstilling for oppfølging av Regional areal- og transportplan, i tillegg til eigeninnsats i fylkeskommunen og kommunane.